

Ørsta og Volda Yrkesmessa

Bli med inn i framtida!

Ørsta kulturhus
24. januar 2007



S. 3

I eit koseleg lite lokale i Volda finn vi Frost media, ei medieproduksjonsbedrift som tilbyr tenester som film, CD/DVD- og TV-produksjon, grafisk design, produksjon for Internett, profilering og konseptutvikling.

S. 5

Rune Johannes Aasen (48) jobbar som montør på Sandvik Møbel på Liadal. Det er eit yrke med mykje variasjon og eit veldig bra arbeidsmiljø. Møbel-fabrikken er ein fargerik arbeidsplass med tilsette frå mange kulturar.

S. 5

Randi Liaskar Vatne (17) går på Borgund vidaregåande skule i Spjelkavik. Å utdanne seg til frisør er veldig interessant og mange vil bli overraska over kor mykje det går an å lære innan dette området. Dei klipper, fargar, lærer om oppsett og hundrevis av frisyrrar.

S. 6

Det er ingen tvil om at sjukepleie er eit populært yrke blant unge i dag. I Volda har vi eit sjukehus som er arbeidsplassen for mange. For å bli sjukepleiar treng du tre års grunntdanning på høgskule. Det er ikkje like lett å få «draummejobben» som før. Med andre ord, er det eit attraktivt yrke.

S. 8

Å vere sjømann er eit veldig utfordrande, men spanande yrke. I dag er det stor etterspurnad etter sjømenn. Heile 1000 manglar kvart år, noko som gjer at det ikkje er så vanskeleg å skaffe seg jobb.

1. Kva linje har du lyst til å gå neste år, og kvifor?
2. Kva legg du vekt på når du skal velje linje?
3. Kva jobb har du om ti år?



Tone Brudevoll

1. Allmenn eller helse og sosial. Har lyst å jobbe med barn.
2. Eg legg vekt på å ikkje ha så alt for mange vanlege fag.
3. Barnepleiar



Anette Mork

1. Helse og sosial. Gidd ikkje allmenn.
2. Eg legg vekt på kva eg vil bli når eg skal velje linje.
3. Sjukepleiar



Eivind Mork

1. Skal til Stavanger på skuleskipet Gan.
2. Eg legg vekt på pengar. Kva løn ein kan få på jobben.
3. Om ti år er eg skipper eller jobbar på plattform.



Gøran Meek Mo

1. Byggfag, fordi eg er interessert i snikring og synest at det verkar kjekt.
2. Når eg skal velje linje legg eg vekt på at det skal vere kjekt og eg skal lære mykje nytt.
3. Om ti år håper eg å vere med på å bygge hus o.l.



Ingrid Løvik Saure

1. Har ikkje valt, men trur det blir allmenn. Då har eg tre år på å bestemme kva yrke eg vil jobbe i.
2. Eg legg vekt på å få best mogleg utgangspunkt.
3. Noko med menneske. At eg hjelper menneske som treng det. Er litt usikker.

Velkomne til messe!

Volda kommune og Ørsta kommune har ein variert arbeidsmarknad. Vi har flott natur og eit rikt kultur- og idrettstilbod. Her vil ein finne rom for gode arbeidsdagar, rekreasjon og kulturelle opplevingar.

Gjennom realiseringa av Eiksundsambandet og Kvivsvegen ligg det godt til rette for vidareutvikling av Volda og Ørsta som dei svært attraktive tettstadene på Søre Sunnmøre. Gode kommunikasjonar med fly, buss og ferjer er eit av våre viktige konkurransefortrinn. Vår kultur og natur likeeins.

Yrkestilbodet er svært variert og utfyller kvarandre i mange høve. Her er fiskeri, oppdrett, landbruk, forskjellige type industri, offentleg forvaltning, reiseliv, service, handel og andre typar næringar.

Yrkesmessa er viktig for vårt lokalsamfunn. Ho er viktig for at ungdomen skal kunne sjå moglegheitene i den lokale arbeidsmarknaden, og for å vise mangfaldet vi har i området. Den gjev dei ulike verksemdene høve til å presentere seg og sin aktivitet, og ho gjev ungdomen høve til kjennskap og kunnskap om våre lokale verksemdar og arbeidsplassar. Det vil kunne sikre rekruttering til verksemdene.

Yrkesmessa er eit døme på samarbeid mellom skule og næringsliv. Eit samarbeid som er viktig.

For kommunane er det viktig at vi legg til rette både for offentlege og private arbeidsplassar. Både for eksisterande og nye verksemdar. I kommunane er det råd å få rettleiing/hjelp for både nyetableringar og eksisterande verksemdar.

Vi håpar at yrkesmessa kan gje Dykk svar på spørsmål som de sit med om dykkar framtidige yrkesval.

Lukke til med Yrkesmessa 2007!



Ragnhild Aarflot Kalland
Ordførar
Volda kommune



Hans-Olav Myklebust
Ordførar
Ørsta kommune

REDAKSJONEN

Ansvarleg redaktør:

Erik Bergmann

Elevredaktør:

Mai-Elin Davik Tran

Design/Produksjon:

Trine Myskja
Natalie Diaz Rakvåg
Thomas Sætre

Journalistar:

Mariann Hjorthaug Aurstad
Webjørn Yksnøy Bergmann
Ingrid Helen Brautaset
Kathrine Eliassen
Anders Hjertenæs
Stine Drablos Larsen
Mia Novalic
Rune Nyhammer
Tone Rekkedal
Trine Rekkedal
Pia Mari Roald
Mai-Elin Davik Tran





- Det er morsamt å starte ei eiga bedrift, seier oppstartarane av Frost media.

Ein kreativ kvardag

I eit koseleg lite lokale i Volda finn vi Frost media, ei medieproduksjonsbedrift som tilbyr tenester som film, CD/DVD- og TV-produksjon, grafisk design, produksjon for Internett, profilering og konseptutvikling.

Tekst og foto: Mariann Aurstad

Bedrifta Frost media er ei ganske nystarta bedrift i Volda. Bedrifta består av fire eigarar: Torbjørn Håskjold (27), Eirik Vaage (27), Benedicte Kjelland (26) og Torbjørn Nerbovik (28). Dei har og ein frilans fotograf som heiter Christer Auger i bedrifta. – Etableringsprosessen var spesielt vanskeleg, seier Torbjørn Håskjold. – Det er hardt, men kjempekjekt! Ingen jobb er for stor, eller for liten for oss, seier Benedicte Kjelland.

– Det er berre å hoppe i det!

- Eirik Vaage

– Altså, ein må ikkje tru at det ikkje er vanskeleg, men folk får det til, seier Torbjørn Håskjold. – Det er berre å hoppe i det, tilføyer Eirik Vaage. Ein må vere villig til å leggje ned mykje tid og arbeid for å lykkast. Dei valde å opne bedrifta i Volda, fordi dei meiner at ikkje alt nødvendigvis skjer i Oslo.

Volda hadde eit behov for ei slik bedrift, og dei har funne si nisje i marknaden. Og ikkje minst trivst alle saman her i bygda.

Utdanning

Dei fire som jobbar på Frost media har utdanning frå Høgskulen i Volda. Dei har studert og fordjupa seg i ulike fag og har til saman ein brei kompetanse, men dei understrekar at ein treng uendeleg mange timar med sjølvtrening. Det er kanskje det viktigaste! For å bli ein grafisk designar eller ein film-

produsent, må ein sjølvsagt ha ei formell utdanning innan media. På Høgskulen i Volda kan ein velje kva ein vil fordjupe seg i og arbeide vidare med.

Kvardagen

I denne bransjen er ingen dagar like. Alle dagane har forskjellige utfordringar. Ei av dei er å halde seg oppdatert på programma. – Ein kan ikkje tenkje «dette kan eg», og berre slappe av. Ein må heile tida prøve seg fram i programma og finne nye måtar å tenkje på. Ein må vere kreativ

og tenkje utanfor boksa. Sjå ting på nye måtar, seier Torbjørn Håskjold og smiler. Dei fortel elles at dei nettopp er ferdige med eit prosjekt i Finland, der dei har jobba med ein ny strategi til Wagner, ei kjede som sel herrekle. Ein del jobbar for NRK har det også blitt. I løpet av 2007 skal Frost Media sitt profileringarbeid vise igjen både i Tyskland, Finland, Norge, Sverige og Danmark.

www.frostmedia.no

Linje for den musikalske

Musikk, dans og drama ved Volda vidaregåande skule starta opp hausten 1995. Sidan har linja, også kalla musikklinja, blitt ei svært populær linje blant ungdom som skal søkje på vidaregåande utdanning. Linja passar veldig bra for dei som er glad i musikk og som likar å halde på med dans og drama. Dersom du kan å spele på eit instrument eller likar å syngje og vil verte betre, ja, då er dette absolutt ei linje for deg.

Tekst og foto: Rune Nyhammer

Hildur Sandstad Dalen, lærar på musikklinja ved Volda vidaregåande, fortel at snittet for å kome inn på musikklinja varierer frå år til år. Gode karakterar er viktig, men av og til blir også talent vurdert. – I år kom elevane inn berre på karaktergrunnlag, men hausten 2005 var søknadstøtet så stort at elevane måtte også gå gjennom ei opptaksprøve, fortel Hildur.

Musikalen er årets høgdepunkt: Høgdepunktet gjennom året er ein musikal som vert laga kvart år av musikklinja. Tidlegare har dei vist alt frå kjende musikalar til meir oppdikta historier som

dei har laga til sjølve. Nokre kjende musikalar som dei har hatt framføring av er Chess, Moulin Rouge og Broadway. – Det er veldig mykje hardt arbeid både før og under oppsetjingar av ein musikal, seier Hildur. – Alle får prøve seg på scena og dette gjer det også svært så sosialt og kjekt. Og resultatet har stort sett blitt ganske bra.

Hildur fortel også at i fjor var det Broadway som var tema for musikalen. I år er det «Ringaren i Notre Dame», som skal bli presentert. Og då basert på den franske versjonen.

Men sjølv om musikalen er eit av dei største høgdepunkta for skuleåret, så er det mykje anna som skjer og blir gjort på denne linja. Blant anna er det huskonsert om lag ein gong i månaden, og det blir også halde kyrkjekonsertar. Alt som blir gjort av slike framføringar gjer at det blir eit svært tett og godt klassemiljø, ifølgje Hildur. Og det er heller ikkje vanskeleg å sjå når ein tek seg ein titt innom ei av musikklasse.

«Kjekkast med drama» Håvard Amås (16) frå Ørsta er ein av elevane på musikklinja i Volda. Han fortel at det er

veldig kjekt å gå musikklinja i Volda. – Det er kjekke fag og kjekke lærarar, men det kan vere litt hardt og tørt teoretisk. Dersom du likar godt musikk, og likar dans og drama, så er dette ei linje der du lærer meir om interessa di, i tillegg er det veldig godt miljø i klassa, fortel Håvard. – Det kjekkaste faget er drama, held han fram. – Det er både morsamt og litt rart, for øvingane vi gjer kan ofte vere litt sjuke eller rare. Håvard smiler lurt og ler litt for seg sjølv. Han ser nok for seg nokre av øvelsane, men nektar å fortelje kva dei går ut på. – Det får dei som søkjer og kjem inn finne ut sjølve.

– Elles har vi jo vanlege fag, som matematikk, naturfag og engelsk. Men det er mindre av desse faga i forhold til kva dei har på allmennfag. På



- Vi har eit veldig sosialt og godt miljø her på musikklinja, seier Hildur Sandstad Dalen, musikklerar ved Volda vidaregåande skule.

musikklinja får ein generell studiekompetanse etter fullført 3 år.

1. Kva linje har du lyst til å gå neste år, og kvifor?

2. Kva legg du vekt på når du skal velje linje?

3. Kva jobb har du om ti år?



Kristian Solheim

1. Allmenn. Vurderte idrettslinja, men det blir for langt å reise.
2. Visste ikkje kva eg ville.
3. Har ikkje peiling.



Maria Vatne

1. Eg skal gå media eller allmenn. Har lyst på studiekompetanse utan påbygging.
2. Har lyst å lære å fotografere, og har ikkje lyst å ha tysk.
3. Psykolog eller journalist.



Therese Aakre

1. Musikklinja, fordi eg spelar instrument og likar musikk.
2. Eg legg vekt på at eg skal like det, og eg synest at musikk er kjekt.
3. Har ikkje peiling!



Torbjørn S. Brautaset

1. Media, fordi det verkar artig.
2. Når eg skal velje linje legg eg vekt på at det skal vere kjekt.
3. Då jobbar eg med bilar.



Vilde Finnes Engetruen

1. Allmenn. Veit ikkje heilt kva eg vil bli.
2. Veit ikkje.
3. Barnevernspedagog eller logoped.

1. Kva linje har du lyst til å gå neste år, og kvifor?
2. Kva legg du vekt på når du skal velje linje?
3. Kva jobb har du om ti år?



Adrian Vassbotn
 1. Veit ikkje heilt. Har lyst å gå mekken pga interesser, men har ikkje bestemt meg.
 2. Interesse, bruk for utdanning i jobb seinare.
 3. Bilmekanikar.



Berent Lunde
 1. Allmen. Grunna interesser og fordi eg vil ha ei god utdanning.
 2. Utdanninga, og kor lenge utdanninga varer.
 3. Rik, beromt og tilbedt av milliarder.



Gisle S. Mo
 1. Idrett, likar sport og eg veit ikkje kva eg skal bli.
 2. Eg veit ikkje.
 3. Blir sikkert ingeniør på oljeplattform.



Ida Glomnes
 1. Musikk. Det er det eg er interessert i.
 2. Interessene mine.
 3. Noko med musikk, veit ikkje heilt.



Idun Barstad
 1. Media. Liker data og film og sånt.
 2. Veit ikkje heilt eg.
 3. Noko innan film.

Ei fargerik linje

Formgjevingslinja ved Ørsta vidaregåande skule er svært populær. Det er ei linje der du får bruke kreativiteten i blant anna teikning og photoshop. I tillegg oppnår du generell studiekompetanse.

Text og foto: Pia Mari Roald

Ved Ørsta vidaregåande skule har dei linja formgjevingsfag. Dei som likar å teikne, måle og andre praktiske ting går her. Etter tre år med formgjevingsfag på vidaregåande får du generell studiekompetanse. Då kan du studere vidare på det du vil, eller du kan velje noko innan kunstfag på universitetet. Dei som til dømes skal bli frisør går berre grunnkurs, og VK1 frisør, men då får dei ikkje studiekompetanse utan å ta påbygging.

Siktar høgt

Trude Lødelmel (17) går VG1 formgjeving i Ørsta. Ho valde å gå denne linja fordi ho likar å teikne og ville ikkje ha kun allmenne fag, pluss at ho fekk forbetre seg i å teikne.
 – Eg vil gå her i 3 år for å få studiekompetanse. Eg siktar høgt og skal ha meg ein bra jobb med høg lønn svarar ho. Dei har alle dei vanlege allmenne faga og 11 timar med teikning i veka. I teiknetimane målar dei,

teiknar, driv med keramikk og photoshop. På grunnkurs lærer dei alle dei grunnleggjande teknikkane og effektane om ein treng det. Dei har lærebøker som viser metodar dei skal teikne på for å få fram forskjellige ting i teikningane sine. Dette er noko av heimeleksa dei har i formgjevingsfaga, til dømes å lære seg å teikne skuggar.

Karakterar

Ho fortel at dei får karakterar på alt dei teiknar og målar. Dei får mykje hjelp på skulen av lærarane om dei treng det. Ho seier også at dei lærer mykje nytt i photoshop og har laga mange morosame bilete der. Du må ha eirka fire i snitt for å komme inn her. Dette fordi at Ørsta har mange søkjarar på denne linja.

Kun jenter

Det er berre jenter på grunnkurs i år, 12 jenter i to klasser og kun kvinnelege lærarar. Det er altså

nesten berre jenter som søker på denne linja. Grunnen til dette er at mange ser på det å teikne og måle som ein «jenteting». Dei som går grunnkurs håpte på å få ein mann til lærar i alle fall. For dei har ein annan måte å undervise på, og det hadde vore greit å ha litt forandring.
 – Eg forventar at vi skulle ha meir teikning og mindre allmenne fag då eg starta her, men eg vart egentleg ikkje skuffa. Nokre av allmenne faga er morosame, eg likar særleg godt spansk, seier ho. Ho angrar definitivt ikkje på at ho valde denne linja.
 – Det er mykje betre enn allmen, bryt ho ut.



Trude Lødelmel (17) og Kittija Sica (16) framfor dei flotte produkta sine

Her er yrka du kan bli av å gå formgjeving:

aktiviteter
 duojar
 gullsmed
 maskor
 blomsterdekorator
 filigransarbeidar
 herreskredder
 modist
 blyglashandtverkar
 forgyller
 handbokbindem
 møbelsnikkar
 bunadstilverkar

frisør
 handvevar
 nautisk instrumentmakar
 buntmakar
 gipsmakar
 interiørkonsulent
 optronikar
 bøkker
 gjørtler
 kjole – draktsyar
 orgelbyggjar
 børsemaker
 glashandtverkar
 kostymesyar
 pianostemmar
 båtbyggjar

gravør
 kurvmakar
 pottemaker
 salmakar
 trebåtbyggjar
 seilmakar
 tredeiar
 skomakar
 treskjærar
 smed
 urmakar
 storurmakar
 utstillingsdesignar
 strikkehandtverkar
 solvsmed
 taksidemist

Kombinasjonsbonde

Olav Klokk var odelsgut og interessa for landbruk har han hatt heile livet. Han har no utdanna seg til landbrukssjef, har heiltidsjobb på Landbrukskontoret og er bonde. - Det er ein tidkrevande, men svært interessant kombinasjon, fortel han. Han er det som blir kalla for ein kombinasjonsbonde.

Text og foto: Mia Novalic

Odelsgut

Olav Klokk er landbrukssjef i Ørsta. Han voks opp på gard og var odelsgut, så interessa for gardsbruk utvikla seg tidleg. Han var bestemt på å arbeide med landbruk.

– Då eg vaks opp, var det ikkje vanleg at odelsgutar utdanna seg etter det som var obligatorisk på den tida, fortel Olav.
 – Eg har heiltidsjobb på Landbrukskontoret, og er bonde når eg kjem heim, fortsett han. Garden han eig overtok han etter foreldra i 1979. På garden

har Olav 50 vinterfora sauer og 14 oksar på bås. – Kombinasjonen av bonde og landbrukssjef er tidkrevjande, men det gjer at eg har svært god kontakt med bondeyrket. Noko eg har hatt god bruk for i jobben min.

Utdanning

For å få utdanning innanfor landbruk gjekk han først vidaregåande skule, deretter 2 år på landbruksskule, vidare landbrukshøgskule og tok deretter eksamen i 1973. No er landbrukshøgskulen endra til

UMB, som står for universitet for miljø og biovitenskap. Han tok også ped-kurs. Det var eit etterutdanningskurs i pedagogikk etter eit semester på Landbrukshøgskulen.

Landbrukskontoret

Når ein er landbrukssjef er ein direkte underlagt rådmannen, og ikkje Søre Sunnmøre Landbrukskontor. Landbrukskontoret er plassert på rådhuset og driv med rettleiing, planlegging og

saksbehandling innan jord- og skogbruk. Målgruppa for Landbrukskontoret er bonder, skogbrukarar, grunneigarar, andre næringsdrivande og nyetablerarar. Nokre av dei mest sentrale oppgåvene til Landbrukskontoret er mellom anna gjennomføring av landbrukspolitikk, bygdeutvikling, miljø- og kulturlandskapsforvaltning, administrasjon av landbruksvikarordninga og planlegging av landbruksvegar og nydyrking. For å vere ein god landbrukssjef

må ein vere romsleg og ikkje henge seg opp i småting. Jobben som skal gjerast må bli gjort, at ein er tiltaksretta er difor viktig, avsluttar han.



Landbrukssjef Olav Klokk.

Moro med media

Har du ein draum om ein karriere i TV, radio eller i andre medier? Då er kanskje Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda noko for deg. Ei linje som har fostra fram fleire av dei kjende ansikta vi kan sjå på fjernsynet i dag, mellom anna Kari Birkeland, ankerkvinn på TV2 nyheitene, Synnøve Svabø og Knut Olsen frå «Redaksjon 21».

Tekst og foto: Trine Rekkedal

Arbeidsmetodane
Utdanningane legg stor vekt på praktiske øvingar, og studentane må vere innstilte på produksjonspress og korte fristar. Det blir forventet at studentane skal vere godt orienterte om aktuelle samfunnsprosjekt. Arbeidsmetodane stiller store krav til sjølvstendig arbeid, noko som studentane sjeldan er budde på. Opplegget på animasjon er litt annleis fordi studiet er ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid og praktiske øvingar. Undervisinga til dei praktiske oppgåvene er obligatorisk.

Journalistikk
Her er målet å gi opplæring og øving i journalistisk arbeid. På journalistikkutdanninga er det vanskeleg å kome inn. Det er svært mange som søker, og for å komme inn bør ein ha eit snitt på 5. Etterkvart er det tre spesialiseringsfelt som ein må velje mellom. Det er radio, fjernsyn og avis. Med denne utdanninga kan ein mellom anna bli journalist og informator. Sjølv om ein vel journalistikk, kan ein altså bli noko innanfor informasjon. Praksisplassane er i NRK, både når det gjeld radio og fjernsyn. Kvart år blir det teke opp inntil 57 studenter.

Animasjon
Målet med animasjonsutdanninga er å kvalifisere for profesjonelt arbeid med animasjon som sjølvstendig uttrykk, og bruk av animerte teknikkar i



Mykje spanande foregår i lydstudioet på Høgskulen i Volda

til domes nyheiter og underhaldning. Animasjon er det mest praktiske fagområdet på medieavdelinga. Det er også her elevane arbeidar mest, men for dei som er interesserte i animasjon er dette berre kjekt. Det er knapt 100 søkjarar på denne linja. Kvart år blir det teke opp inntil 10 studenter.

Informasjon
Målet med informasjonsutdanninga er å kvalifisere for arbeid i offentleg forvaltning og i private organisasjonar og bedrifter.

Studiet tilbyr ei brei og generell innføring i teoretisk og praktisk informasjonsarbeid. Gjennom utplassering i siste semester får kvar ein skild student direkte kontakt med fagmiljøet, og kan dra nytte av dette ved seinare jobbsøking. Kvart år blir det teke inn opptil 27 studenter.

Media er eit arbeidsfelt som har blitt meir og meir populært. Konkurransen om dei beste jobbane er knallhard, og det krev pågangsmot. Denne bransjen slit på folk, fordi ein heile tida

må møte deadline. Ein bør vere litt robust.
- Det er ikkje for sarte sjeler, seier Ingvar Elgesem, kontorsjefen på media. Det er ikkje enkelt å nå langt. Men det er ein fordel med den norske utdanninga fordi det er så mykje praksis. Elgesem fortel at det er lurt å ha kontaktar.
- Ein får nok ikkje den beste jobben det første året, avsluttar han.

1. Kva linje har du lyst til å gå neste år, og kvifor?

2. Kva legg du vekt på når du skal velje linje?

3. Kva jobb har du om ti år?



Håvard Osborg

1. Allmenn. Er ikkje sikker på kva eg vil.
2. Veit ikkje. At eg lærer noko, berre eg får meg jobb.
3. Æh. Lyst til å bli arkitekt. Teikne hus og sant.



Håvard Pedersen Brandal

1. Er ikkje sikker. teknisk allmennfag (TAF) interesserer meg.
2. Ha grei lønn og at eg trivst.
3. Kanskje båtingenior.



Iren Kathrin Moldskred

1. Design og handverk. Eg liker å halde på med det.
2. At det er noko eg likar.
3. Make-up og styling.



Kaisa Holte

1. Allmenn. Det er det beste viss ein vil ha ei bra utdanning.
2. Kva eg vil vidare.
3. Grafisk designer.



Lene Slettebakk

1. Musikk. Elskar musikk og vil halde på med det.
2. Om det er noko som interesserer meg.
3. Forhåpentlegvis musikk.

Sosialt med spolar og saks

Randi Liaskar Vatne (17) går på Borgund vidaregåande skule i Spjelkavik. Der byrja ho no sist haust og skal gå der fram til sommaren. Å utdanne seg til frisør er veldig interessant og mange vil bli overraska over kor mykje det går an å lære innan dette området. Dei klipper, fargar, lærer om oppsett og hundrevis av frisyrar. - Eg vil definitivt anbefale kvar og ein usikker tiandeklassing å gå denne linja, seier Randi.

Tekst og foto: Mai-Elin Davik Tran



-Vi klipper folk i dei oppsette timane våre på skulen, fortel Randi.

Dei fleste er usikre på kva dei vil bli når dei berre er 15 år gamle. Mange meiner at det er altfor tidleg for å velje, i og med at eit stort val skal takast. Det er ikkje som tidlegare snakk om tre år gymnas og så byrjar utdanninga. No er det studieretningar ein kan velje mellom, som vil avgjere utfallet for vidare utdanning.
- Ved å velje Vg1 formgjevingsfag og deretter VK1 frisør, slik som eg gjorde, treng ein ikkje bestemme seg for ein er ferdig med dei to åra, fortel Randi. Dette er fordi ein kan velje å snu retninga si etter dei to åra ved å gå allmenn påbygging og avslutte dei tre åra med generell studiekompetanse.
- Eg valde eigentleg å gå denne linja fordi eg synest frisør høyrdest kjekt ut, men også fordi eg visste at eg kunne ombestemme meg på vegen, seier Randi. Ho smiler nøgd og ventar på neste spørsmål.

Kvardagen
På VK1 frisør har dei to timar engelsk, to timar samfunnsfag, to timar norsk og to timar gym i veka. I tillegg har dei annakvar veke 11 timar og annakvar veke 15 timar med teori i studieretningsfaget. Det er fag som klipp, oppsett, farging osv. Dette er berre teorien, men i tillegg til dette, har dei mange timar med praksis, i og med at frisør i hovudsak er eit praktisk yrke. I år vil læreplanen og opplegget bli litt endra, men ein reknar med det ikkje blir store endringar på dette opplegget.
- Det er eit veldig bra miljø på skulen, og det var lett å bli kjent med folk då eg kom hit, tilføyde ho. Randi L. Vatne pendlar til skulen kvar dag. Ho fortel at dette ikkje er noko problem. Ho tar 06.30 bussen frå Ørsta og er heime igjen til 16.00. Eit godt alternativ til dei som synest det er for tidleg å flytte ut.

Uffordrande yrke
Ein frisør moter mange utfordringar. Det ser kanskje lett ut, men t.d å ordne eit slitt, tjukt og langt hår, er ikkje lett. Men det som er viktigast for alle frisørar er å gjere kunden nøgd. At ein er motebevisst og energisk er slett ingen dårleg eigenskap i dette yrket. Somme kundar kjem og seier at du skal gjere det du vil. Då gjeld det å lese kunden, og foreslå noko som du trur blir fint og er i i tida. Andre veit kva dei skal ha, men blir aldri nøgde, då er det

også viktig å ha tolmod og alltid klare å vere hofleg.
- Mange eigenskapar skal til, fortel Randi. Dette er ikkje noko ein treng å vere ekspert på for ein byrjar, men vere open og engasjert for å lære meir om.

Kofferten

Etter VK1 frisør, kan ein velje å gå rett ut i praksis i to år, og deretter vere ferdig utdanna frisør. Utstyr til yrket får ein kjøpt på skulen. Det er ein koffert med to saksar, ei klippesaks, og ei eferlingsaks som ein brukar til å tyne ut håret med. Der er ein kniv til skjering av hår, forskjellige børstar, kammar, veske, kappe til kunden og forkle til frisøren, klemmer, to damehovud med hår, og eit herrehovud. Alle dukkene er langhåra frå starten av. Så lærer ein forskjellige frisyrar etterkvart der dei startar med dei lengste og klipper seg innover til dei blir skalla. Dette skjer vel å merke over lengre tid. Denne kofferten kostar ca 5000 kr, men med den får du alt du treng til yrket.

Driv skulesalong

- På skulen driv vi vår eigen frisørsalong der vi har kundar som ringjer og bestiller time. Vi tek imot og klipper dei i dei oppsette timane våre, fortel Randi. Dei har opningstider dei timane dei har praktiske fag. Der klipper dei vanlege folk som vil ha ein klipp for ein billeg penge. Då sit dei fleste med kundar, og dei som ikkje har kundar den timen, klipper dukkehovuda dei har på skulen.

- Fredag ettermiddag er den kjekkaste tida i veka. Då får vi klippe og lage kvarandre til på håret i salongen. Dette er veldig morosamt og sosialt, fortel Randi med eit smil.

Spanande ekskursjonar

I tillegg har dei diverse interessante ekskursjonar dei har vore med på eller fått tilbod om. No nyleg var dei med på ein klippkonkurranse, der dei konkurrerte med freestyle, oppsett osv. Det var ei frå klassa deira som var med. Elles var dei andre med på kurs der dei fekk mykje erfaring frå dyktige folk, og dei fekk vere tilskodarar under konkurransen. Dei har også fått tilbod om noko større: ei reise til Tyskland, der dei kan jobbe i ein frisørsalong i to veker og bu heime med familien til ein av lærlingane der nede. Skulen dekkjer reisa, men til gjengjeld må dei ha ein tyskar buande heime med seg i tre veker slik at dei får jobbe i ein frisørsalong her. Ho fortel at 8 stk. i klassa hennar skal vere med på dette og ho synest det skal bli spanande å høyre frå dei korleis dette var etter prosjektet.

Trivsel

Det som er sikkert er at ho synest det er kjempekjekt å gå denne retninga, og ho angrar slett ikkje på valet sitt.
- Om ein er kreativ og interessert i styling av hår, anbefaler eg på det sterkaste å søkje denne retninga. Det er veldig spanande og vi får alltid morosame dagar her ute i Spjelkavik, avsluttar Randi med eit glis.

Ein interessant kvardag

Rune Johannes Aasen (48) jobbar som montør på Sandvik Møbler på Liadal. Det er eit yrke med mykje variasjon og eit veldig bra arbeidsmiljø. Møbelfabrikken er ein fargerik arbeidsplass med tilsette frå mange kulturar.

Tekst og foto: Kathrine Eliassen

- Det er eit interessant yrke, seier Rune Aasen. Han fortel at det er veldig spanande å sjå variasjonen i møblane, og ikkje minst prove og feile heilt til dei er nøgde med resultatet. Rune har jobba som montør i ca 13 år, og trivst med det han gjer. Ein treng ikkje noko utdanning for å jobbe der, men det kan vere lurt å ha utdanning som møbelsnikkar eller trekkar. Dei har opplæring for nye folk, der dei

tek teoretisk opplæring, praktisk opplæring og prove. Om ein består prova får ein fagbrev og kan byrje å jobbe. 48-åringen seier at det er veldig lurt å ha fagbrev, då tener ein fem kroner meir i timen.

Kvalitet

Sandvik Møbler satsar både på stilfull og klassisk design med kvalitet, og set komfort, funksjon og sikkerheit høgst. I meir enn femti år har dei møblert

norske heimar, og ein kan i dag stote på bord og stolar som blei laga for fleire tiår sidan. Kvaliteten til Sandvik fortel litt om kunnskapen og erfaringa til arbeidarane. Dei kan tilby stolar, bord, skjenkar, skap, heile spisestover og kjøkken som passar for heile familien.

Sparar til fridagar


Aasen fortel at det ikkje er så mange som søker jobb på møbelfabrikken. Det er så mange jobbar ein kan få i dag, og han trur ikkje fabrikk står øvst på ønskelista til ungdommen. Sandvik har rundt 50 tilsette, og alle jobbar frå 07.10 til 15.30. Eigentleg startar arbeidsdagen halv åtte, men dei byrjar tjuve minutt før, slik at dei sparar inn til fridagar. Så om ein arbeider på Sandvik får ein ferie heile jula, og 17. mai veka.

Må stå på

- Å jobbe på møbelfabrikk er sosialt, seier Rune. Det er veldig kjekt, og arbeidsoppgåvene er varierte. Ein må vere fleksibel sidan oppgåvene er mange, men ein kjem fort inn i det. Til tider er det veldig mykje å gjere, og i november er det mange som har rundt 200 timar overtid. Det er mange som skal ha nye møblar til jul, så alle står på i høgsesongen. Aasen har trua på møbelindustrien, og at Sandvik kan ekspandere og heile tida verte bette.



- Det er lett å få seg jobb på møbelfabrikk, seier Rune Aasen.



Spanande på operasjonsstova

Det er ingen tvil om at sjukepleie er eit populært yrke blant unge i dag. I Volda har vi eit sjukehus som er arbeidsplassen for mange. For å bli sjukepleiar treng du tre års grunnutdanning på høgskule. Det er ikkje like lett å få «draumejobben» som før. Med andre ord, er det eit attraktivt yrke.

Tekst og foto: Ingrid Brautaset

På eit sjukehus arbeider ein skift og vekslar mellom tidlegvakt, seinvakt og nattevakt, så det er varierte arbeidstider. Dersom ein utdannar seg til sjukepleiar, har ein framleis mange vidareutdanningar å velje mellom. Både anestesi-, intensiv- og operasjons-sjukepleiar. Dagny B. Brautaset er utdanna operasjonssjukepleiar, og trivst svært godt i jobben sin. Ho fortel at det er eit veldig spanande og variert arbeid. Arbeidsoppgåvene til operasjonssjukepleiarane er i grove trekk å hjelpe ein pasient gjennom eit operativt inngrep. Eg har tidlegare arbeidd i mottak på det same sjukehuset. For å arbeide der, treng du ikkje vidare utdanning. Eg valde å utdanne meg vidare til operasjonssjukepleiar for å få nye utfordringar, fortel Dagny. På operasjon er der mykje å ta tak i, kvar dag. Svært få arbeidsdagar er like, og det foregår mykje spanande på operasjonsstova.

Stoppa hjartet

Dagny fortel at då ho tok vidareutdanning, hadde ho praksisperiode på Hjerteklinikken på St. Elisabeth i Trondheim. Hjertet blei då stoppa, pasienten blei tilkopla hjarte-/lunge maskin under operasjonen, hjartet blei deretter starta igjen ved slutten på inngrepet. Vi var også med på lungeoperasjonar. Dette er operasjonar som ikkje

blir utført i Volda, fortel ho.

Assisterer

-Arbeidet vi som operasjonssjukepleiarar har ansvar for, er å ta imot pasienten, informere om kva som skal skje, planlegging og gjere alle førebuingar med pasienten før eit inngrep, fortel Dagny. Det er operasjonssjukepleiarane som har hovudansvaret for instrumenta. Kva som skal brukast, blir avtalt mellom operasjonssjukepleiarane og kirurgen før kvart inngrep. Instrument er reiskapa dei brukar under ein operasjon, som t.d skalpell, arteriepinsett, saks, nål og tråd. - Det er eit tett samarbeid mellom oss og kirurgane. Anestesisjukepleiarar og legar, som har ansvar for å bedove pasienten, er også til stades, fortel ho. Det mest fasinerte inngrepet Dagny er med på, er keisarsnitt. - Det likar eg godt, for då er ein på ein måte delaktig i starten på eit nytt liv, fortel ho. På ein dag blir det utført opptil ni operasjonar. Dette er når alle operasjonsstovene er i bruk. Vanlege inngrep er tildomes brokkoperasjon, keisarsnitt og hofteprotese. Desse utfører vi opptil fleire gonger i veka. I Volda har det i seinare tid blitt meir og meir operasjonar på bein (ortopedi). Ein del pasientar blir difor sende til andre sjukehus, når det krevst anna kompetanse enn det Volda

for tida har å by på.

Dele på oppgåvene

Korleis går ein operasjon føre seg, i grove trekk? -Vi må sjekke at nødvendige førebuingar er gjort. T.d medisiner, blodprover, vasking av operasjonsfeltet med sprit og eventuelt barbering, om det er nødvendig. Vi må passe på at pasienten ligg godt, så vi unngår overtrekk av nerver og at kroppsdelar ligg i klem under operasjonen. Det er alltid to operasjonssjukepleiarar under eit inngrep. I tillegg til ein kirurg, lege og anestesisjukepleiar. Den eine operasjonssjukepleiararen kler seg i sterile operasjonskle, saman med kirurgen, dekkjer pasienten med sterilt operasjonsdekk, handterer instrumenta og assisterer under inngrepet. Den andre skriv rapport og passar på at dei alltid har det dei trenger. Operasjonssjukepleiarane har eit særskilt fokus på steriliteten i operasjonsstova. Det er viktig med tanke på infeksjonar. Når operasjonen er over, tek den eine med seg instrumenta til vask, mens den andre følgjer pasienten til intensivsen, der han blir liggjande til overvaking den første tida etter operasjonen. Operasjonssjukepleie er eit spennande yrke med mange utfordringar, avsluttar ho.



Her i full gang med ein operasjon på Volda sjukehus.

Museum, sjukeheim, skular og Ford

Trass lange arbeidsdagar har Anders Digernes aldri vurdert å gå vekk frå jobben som sivilingeniør. Han brukar ofte mange timar om dagen på kontoret. -Det er variasjonen i jobben som gjer det greitt å jobbe så mykje som eg gjer, påpeikar Anders.

Tekst og bilete: Anders Hjertenæs

Med ei utdanning som sivilingeniør er det ikkje berre ei dor som opnar seg. I tillegg til å arbeide som sivilingeniør knytt til bygging, anleggsverksemd, konstruksjon eller anna teknologisk verksemd, kan ein også vere lærar, både i matematikk på høgskule og i byggfag på vidaregåande skule. Ein kan også ha administrative stillingar i privat sektor, eller i offentlege organ.

Sivilingeniørutdanning er ei lang og omfattande utdanning. Ein må anten gå vidaregåande skule med full fordjuping i realfaga, eller ein kan gå byggfag, inkl. TAF byggfag (teknisk allmenntfag), dersom ein ønskjer ei litt meir praktisk retta utdanning. Deretter kan ein ta sivilingeniørutdanning direkte via universitet. Dette er ei fem-års utdanning. Alternativt kan ein ta ei tre-års utdanning som

ingeniør, og deretter to år påbygging til sivilingeniør. Anders gjekk byggfag på vidaregåande, ingeniørutdanning og påbygging som sivilingeniør, med praksistid mellom dei enkelte utdanningstrinna. Han seier at han ofte har hatt bruk for den praktiske delen av utdanninga.

Ordinær arbeidstid

Det å få ei ordinær arbeidstid er vanskeleg i dette yrket. Fleire gonger har det vore naudsynt for Anders å dra ut i "felten" etter den ordinære arbeidstida eller avslutte prosjektdokument som skal sendast ut på tilbod innan ein gitt frist.

-I tillegg til ein del arbeid ute i felten vert det også mykje papirarbeid og møte. Møte med byggherre, avklaring av prosjektplanar, referatskriving og rekneskapsføring for dei enkelte byggeprosjekta, seier Anders og ler når han ser uttrykket i fjeset mitt. Dette er ikkje daglegkost for dei fleste, men for ein sivilingeniør er dette noko ein må gjere nesten kvar dag. Anders understrekar seinare at det ikkje er alle sivilingeniørar som jobbar så mykje som han gjer. -Sidan eg er bedriftsleiar er det ein del ekstraarbeid på meg, påpeikar han og smiler.

Stort behov for arbeidskraft

-Det er alltid stort behov for sivilingeniørar, og det er eit yrke som passar for alle, berre ein har interesse for det, forsikrar Anders. Det er alltid noko som



skal byggjast ein eller annan plass i landet vårt, og viss ein er villig til å flytte litt på seg finst det alltid arbeid. Det er stort behov for fagfolk innan byggfaget for tida, på alle nivå, så for tida er sivilingeniør eit yrke å satse på.

-Ein tenar bra og det er eit morosamt yrke. Eg skjønner ikkje kvifor ikkje fleire vel dette yrket, smiler Anders og trykkjer litt på datamaskina si, der arbeidsteikningane og byggeskildringane for Ørsta ungdomsskule kjem fram.

Mange og store oppdrag

Nokre av dei større oppdraga Anders har jobba med er det tidlegare Mega-bygget i Ørsta, Aurstad sitt nybygg i Hovdebygda, rullebana på flyplassen i Hovdebygda og ombygginga av Ørsta ungdomsskule. Andre eksempel på oppdrag kan vere nye avløpsledningar som må leggjast, som regel saman med vassledningar. Det er alltid vegar som skal byggjast, offentlege bygg som skal byggjast om og kontorbygg som treng oppussing. Innimellom er det også verneverdige hus som skal

byggjast på eller restaurerast. Vi har også oppdrag rundt om i fylket, m.a Sunnmøre museum og Ford sitt nybygg i Ålesund, Ulsteinvik vidaregåande skule og sjukeheimen i Herøy.

Start til slutt

Naturleg nok er det å skaffe oppdrag særst vesentleg. -Det finst fleire måtar å få tak i oppdrag på, fortel Anders. M.a finst det ei side på nettet som heiter doffin.no der alle offentlege oppdrag vert annonserte. Desse oppdraga vert også annonserte i aviser. Her melder ein seg på ein tilbods konkurranse med andre ingeniørfirma som vil ha det same prosjektet. Den som kjem med det beste tilbodet får oppdraget. Ved private oppdrag er det dei som treng hjelp som kjem til oss, eller vi som går til dei. Så går vi inn i ein tilbudsrunde med andre aktuelle firma, på same måte som med dei offentlege oppdraga, fortel Anders.

Når ein har fått oppdraget held ein eit opstartsmøte med rådgjevarar frå dei forskjellige faga, til dømes byggfag,

royrfag, el-faget og ventilasjon. Ein kan også ha med rådgjevarar for brannteknikk, geoteknikk og lydteknikk, alt etter behov. Arkitekten og byggherre er også med på dette møtet. Det er arkitekten som må ta det første steget i prosessen. Han må teikne teikningane. Desse teikningane er arbeidsunderlaget til dei andre personane som er involvert i prosessen. Når prosjektgruppa er ferdige med prosjektdokumenta vert desse sendt ut til dei enkelte entreprenørane (byggfag og tekniske fag) som kjem med eit tilbod. Også her er det den som kjem med det beste tilbodet som får kontrakt.

Etter at bygget står ferdig vert det gjennomført ei overtakingsforretning. Her går byggherre og dei prosjekterande gjennom arbeidet den enkelte aktøren har gjort og kontrollere at arbeidet er gjort i samsvar med avtalar. Dette gjer ein også etter eit år. Når eit-års kontrollen er gjennomført, er sivilingeniør Anders Digernes ferdig med prosjektet. Han har vore med frå start til slutt.



Anders Digernes utan for eit av husa han har vore med å planleggje.

1. Kva linje har du lyst til å gå neste år, og kvifor?
2. Kva legg du vekt på når du skal velje linje?
3. Kva jobb har du om ti år?



Marie Hunnes

1. Musikk eller allmenn. Det gjev meg mange moglegheiter seinare.
2. Kva eg kan bruke det til i framtida.
3. Veit ikkje.



Marte Ryste Øren

1. Allmenn. Det gjev friare val etterpå.
2. Vidare utdanning.
3. Doktor.



Martine Humberst

1. Form og farge. Då kan eg gå vidare til blomsterdekorator.
2. At det er noko eg interesserer meg for.
3. Jobbar i blomsterbutikk ein plass.



Ole Busengdal

1. Har ikkje bestemt meg enda, kanskje byggfag, elektro eller mekken. Lyst til å jobbe med det. Eg er mann.
2. Bra opplæring, praksis og lite lekse.
3. Skipper, snikkar eller trailer-sjåfør.




Ole Håvik Bjørkedal

1. Allmenn. Veit ikkje heilt kva eg vil drive med i framtida.
2. Kva eg føler eg treng og kva som er nyttig. Noko eg trivst med.
3. Student trur eg.

Usikre på linjeval

Veit du kva du vil bli når du vert stor?



Vi har gjennomført ei spørjeundersøking i tiandeklassene i Volda og Ørsta. 68 elevar tok del i undersøkinga, 34 jenter og 34 gutar. Spørsmåla gjaldt utdanning og yrkesval.

For tidleg å velje linje

Det var eit stort fleirtal av ungdomane som ikkje synest det var for tidleg å velje linje no. Over 64% av gutane og 60% av jentene svarte at det ikkje var for tideleg. Men på spørsmålet om dei visste kva linje dei skulle velje, viste det seg at jentene var meir sikre på kva dei skulle velje. Av dei som svarte var det 67% av jentene som svarte ja, mot 50% av gutar. Dei fleste som var med i undersøkinga svarte at dei ikkje visste heilt kva dei skulle bli når dei vart eldre. Blant gutane var det over 50% og blant jentene var det 64% som svarte nei. Det viser seg at gutane er meir sikre på kva dei har tenkt å bli, medan jentene er litt meir usikre.


Buande i Volda/Ørsta

Eit av spørsmåla var om dei hadde tenkt å bli buande i Volda eller Ørsta etter vidaregåande skule. Der var det noko som tyder på at ungdomen var veldig usikker. Over 67% av gutane, og 44% av jentene svarte veit ikkje. Litt over 5% av jentene og 11% av gutane svarte at dei ville bli buande i Volda/Ørsta.

Om yrkesmessa vil påverke valet.

Ungdomane er usikre på om yrkesmessa vil påverke valet. Både av gutar og jenter er det over halvparten som har svart kanskje. 35% av gutane og 23% av jentene svarte ja.

Vil yrkesmessa påverke valet ditt?



1. Kva linje har du lyst til å gå neste år, og kvifor?
2. Kva legg du vekt på når du skal velje linje?
3. Kva jobb har du om ti år?



Richard Rønning

1. Byggfag, lite lekse og vil verte snikkar.
2. Få ein jobb eg er nøgd med og likar.
3. Snikkar.



Rune Leira

1. Elektro fordi det interesserer meg.
2. Kor mykje pengar eg tener.
3. Nye Rokke.



Sofie Sætre

1. Allmenn eller media. Helst media for det verkar kjekt.
2. At det er noko eg har lyst til å gjere på.
3. Då er eg lege, bamevernspedagog eller lærar. Noko goy!



Svanhild Egge

1. Media. Interesserer meg for data og biletredigering.
2. At det er noko eg interesserer meg for.
3. Noko innan data.



Øystein Kalvatn

1. Elektro eller mekken, fordi eg interesserer meg for slike ting.
2. Det eg har tenkt å utdanne meg til seinare.
3. Ingeniør, data eller elektro.

Ship O'Hoi

Å vere sjømann er eit veldig utfordrande, og spanande yrke. I dag er det stor etterspurnad etter sjømenn. Heile 1000 manglar kvart år, noko som gjer at det ikkje er så vanskeleg å skaffe seg jobb.

Tekst og foto: Stine Drablos Larsen og Tone Rekkedal

Utfordrande yrke

Dersom du vil jobbe på båt, er det mange stillingar å velje mellom, som matros, kokk, kaptein, maskinist, styrmann, motormann og elektrikar. A jobbe på sjøen er svært utfordrande. Du må vere glad i å jobbe hardt, og å vere sjosjuk er ikkje noko pluss.

– Det er eit utfordrande yrke å segle langs norskekysten. Den er spesiell. Her er mykje holmar og skjær, og det er varierte seglingsforhold heile tida, seier Tore Larsen som er kaptein, 46 år og har jobba på sjøen i omlag 28 år. Det er fullt koyrr, og det er eit veldig sjølvstendig yrke. Som kaptein om bord har ein eit stort ansvar for mannskapet og

båten.

Båten der Larsen jobbar er ein lastebåt, og dei fraktar mange forskjellige varer til og frå ulike plassar. Lasta er alt frå store containrar og gravemaskiner til tv, fjernsyn og juice. Det er stort sett alt som kan fraktast. Dei går mykje langs norskekysten, men også til andre land, mellom anna til Nederland, Tyskland, Sverige, Danmark, Latvia og Litauen.

Utdanning

Å bli kaptein krev den lengste utdanninga innan sjømannsyrket, og vegen er ikkje kort for ein som har lyst å bli det. Tore gjekk først grunnkurs maskin og mekanikk, så segla han som lettmatros og matros i omlag



elleve år, for han gjekk på Ålesund maritime skule VK1 nautisk. Etter det flytta han til Trondheim og gjekk VK2 nautisk der. Då han var ferdig med skulen loyste han ut sertifikat klasse fire, og segla i eit og eit halvt år. Deretter loyste han ut klasse to og segla i eit år, og så til slutt loyste han ut klasse ein for å få kapteinsertifikatet. Tore segla i seks år som overstyrmann, forstestyrmann og som kapteinavloysar, og sidan 2001 har han segla som kaptein.

Ein vanleg kvardag

Det er vanleg å jobbe ein måned på og ein måned av. Når ein jobbar på båt, har ein forskjellige vakter. Ein har som regel vakter på seks timar, for ein får fri. Tore byrjar klokka seks om morgonen. Då går han opp i styrehuset og loysar av overstyrmannen slik at han kan gå på fri. – Seglar vi, er eg i styrehuset til vi ligg i hamn. Ligg vi til kai, går eg og sjekkar korleis det går

med lasting og lossing og tek meg av forskjellig kontorarbeid, seier han.

Tore har mykje kontakt med dei som ordnar lasta dei har om bord.

– Klokka tolv går eg av vakt, og styrmannen tek over. Eg har fri til klokka seks om kvelden, og då går eg på vakt igjen, humrar han. Tore Larsen går tre veker på og tre veker av.

Fordelar

Det er mange fordelar med å jobbe på båt, mellom anna at du er rett atmed arbeidsplassen din, og du blir godt kjend med dei som jobbar på båten, fordi ein er så nær kvarandre. Mange likar å få litt avkopling heimanfrå, kome seg litt vekk frå den vanlege kvardagen. – Det som er bra med denne jobben er at ein får vere lenge heimanfrå, seier han og ler. Det er eit fritt yrke, og ein får drive med mykje forskjellig.

Mange meiner at dei som jobbar om bord på eit skip, ofte er meir arbeidssame enn dei som jobbar på land. Grunnen til dette er at dei jobbar så intenst ei periode, den tida dei er på båten.


Maten om bord på båtane er veldig bra, det er mykje variert mat. Ein har som regel tre måltid om dagen. Kvar mann har sin eigen lugar om bord. Det er jamt over store lugarar, der er mellom anna ei seng, sofa, dusj og toalett.

Lønn

Lønna er heller ikkje å forakte. Det kjem sjølv sagt an på kva stilling du har, men lønna er svært god. Ikkje berre tenar du pengar når du jobbar, men også når du er heime, noko mange ser på som eit stort pluss. – På supplybåt er lønna litt betre i forhold til lastebåt. Den er på over gjennomsnittet, kommenterer Larsen. Når du er lærling, får du naturleg nok ikkje like god lønn, som når du er fullt utdanna.

Stor etterspurnad etter sjømenn

Å jobbe på båt er eit populært yrke, sjølv om det er stor etterspurnad etter sjømenn i dag. Det manglar om lag tusen sjøfolk i året. Grunnane til dette er for lite løn og fritid. Noko som gjer yrket litt usikkert, er at den norske arbeidskrafta er for dyr, og det er billegare å leige inn uta nlandsk arbeidskraft.



Ambulansetenesta

Etter ungdomsskulen starta Roar Gjerde på elektrolinja ved Ørsta vidaregåande skule som mange andre 16-åringar. I dag er han 37 år og har jobba som ambulansarbeidar dei 13 siste åra.

Tekst og foto: Webjørn Yksnoy Bergmann

– Etter ungdomsskulen starta eg på elektrolinja, men eg fann rimeleg fort ut at det ikkje var noko for meg, fortel Gjerde. Han slutta etter grunnkurs og jobba i staden eit år i på E-verket i Volda. Året etter vart han innkalla til militæret. Etter militæret satsa Roar på sjukepleie og valde å gå ambulanselinja. Det viste seg å vere det rette valet.

Mykje spenning

På ambulansentralen i Volda er det til alle tider fire på vakt. I tillegg til dei daglege oppgåvene har ein av dei også oppgåve som portør. Om sjukepleiarane treng hjelp, f.eks., til å flytte ein pasient frå ei avdeling til ei anna, tilkallar dei portøren, seier han. – Å vere ambulansarbeidar er ikkje rutinearbeid. Ingen dag er lik ein annan. Med det same ein kjem inn i yrket, har ein gjerne ei oppfatning av at det er veldig mykje «fart og spenning». Det er forsåvidt rett, men trangen til å køyre med blålys og sirene går fort over, fortel Gjerde.

kan ein etter ungdomsskulen gå to år på Helse- og Sosiallinje, og to år i lære etter det. Om ein likevel vil ha med seg allmennfaga frå vidaregåande skule bør ein gå sjukepleie etter vidaregåande skule og velje ambulanselinja.

Kan vere tungt

Som ambulansarbeidar utviklar du deg heile tida, og nye prøver står heile tida for tur, seier Roar. – Du får eit nært forhold til alle du møter. Du møter dei ofte i situasjonar der dei på ein eller annan måte ikkje klarer å ta vare på seg sjølv, held han fram. – Dei dagane eg har dagvakt byrjar eg på jobb kvart på åtte om morgonen. Vi startar med å kontrollere utstyret som ligg i bilane, slik at alt er der om det skulle skje noko, og vi kan vere sikre på at alt utstyret verkar. Dei fysiske krava for å verte ambulansarbeidar er ganske tøffe. – Det er mange harde tak å ta som ambulansarbeidar. Ein må vere sterk, spesielt i ryggen, fortel han. Gjerde legg ikkje skjul på at det er ein stor fordel at ein som ambulansarbeidar

får jobbe turnus.

– Då får kroppen ein sjanse til å restituere seg, både psykisk og fysisk. Men å jobbe turnus har også ei negativ side, av og til må ein jobbe i helgene, og somme tider på heilagdagar, slik som julaften.

Gjerde fortel at han synest utdanninga for å bli ambulansarbeidar burde vere ei hogskuleutdanning. – Dei som kjem hit, spesielt lærlingane, er ikkje alltid modne nok. Kanskje dei skulle hatt eit par år til med utdanning eller kanskje kurs der dei kunne lære seg å ta kontakt med folk. Men det gjeld så absolutt ikkje alle! Mange av dei som kjem hit er psykisk «vaksne», og veldig utadvendte, fortel han.



- Om du likar å møte folk og er eit sosialt vesen, så er dette jobben for deg, seier Roar Gjerde (37), ambulansarbeidar.

For å bli ambulansarbeidar